

Opplysingar om mor/ho som før barnet	
Etternamn, for- og mellomnamn	Fødselsnummer (11 siffer)
Adresse	Telefon

Opplysingar om mor si ektefelle/registrerte partner/sambuar		
Etternamn, for- og mellomnamn	Fødselsnummer (11 siffer)	
Adresse	Telefon	
Ekteskap inngått/omgjort til ekteskap (dato)	Registrert partnerskap inngått (dato)	Sambuarskap frå og med

Opplysingar om barnet/assistert befrukting	
Før ufødt barn	
Dato for assistert befrukting	Forventa termin
Følgjande dokumentasjon blir ettersendt umiddelbart etter fødsel: 1. sjukehuset sin stadfesting av fødsel eller 2. fødselsattest	
Før barn som er født	
Etternamn, for- og mellomnamn	Fødselsnummer (11 siffer)

Samtykke	
Den komande medmor har samtykt til assistert befrukting før behandling ved assistert befrukting fann stad	<input type="checkbox"/> Ja
Legg ved dokumentasjon som dokumenterer samtykke: <ul style="list-style-type: none">• Kopi av samtykkeskjema frå godkjent helsestell• Eige samtykkeskjema	

Underskrift frå mor og komande medmor	
Stad og dato	
Mor	Komande medmor

Følgjande dokument må være lagt ved søknaden, jf. forskrift 15. desember 2008 om fastsetjing av medmorskap § 5:

- Samtykke til assistert befrukting frå mor sin ektefelle eller sambuar
- Dokumentasjon frå godkjent helsestell, jf. forskrift 15. desember 2008 om fastsetjing av medmorskap § 2. Dokumentasjonen skal stadfeste at assistert befrukting har funne stad.
- Dokumentasjon som viser at barnet som er fødd ved assistert befrukting, ved fylte 18 år har rett til å få opplysingar om sædgjevar sin identitet. Det må gå fram at det finnest prosedyrar eller register som gjer at denne retten kan oppfyllast.
- Dokumentasjon på anna språk enn skandinavisk, tysk og engelsk må være omsett av autorisert translåtør. Dokumenta må være påført Apostille-stempel eller være legalisert av vedkomande land sine myndigheiter.

Spørsmål om utfyllinga av skjema rettast til folkeregistermyndigheita, www.skatteetaten.no.

Medmorskap inneber rettar og pliktar som følgjer av barnelova § 4a.

Forskrift 15. desember 2008 nr. 1362 om fastsetjing av medmorskap

Fastsett av Barne- og likestillingsdepartementet 15. desember 2008 med heimel i lov 8. april nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) § 4 a.

§ 1 Assistert befruktning

Definisjonen av assistert befruktning i bioteknologiloven § 2-1 gjeld tilsvarande etter barnelova §§ 3 og 4. Assistert befruktning krev dessutan at sæd er tilbydd av godkjent helsestell, og at sædgivaren er omfatta av eit donorregister. Barnet skal ha rett til opplysningar om sædgivar tilsvarande bioteknologiloven § 2-7.

§ 2 Godkjent helsestell

Godkjent helsestell er her i landet helsestell som har godkjenning til å utføre assistert befruktning etter bioteknologiloven og forskrift 7. mars 2008 nr. 222 om krav til kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev.

Den som får utført assistert befruktning i utlandet må sjølv dokumentere at helsestellet oppfyller tilsvarande krav som etter første ledd, og at helsestellet er godkjent av myndigheitene i det landet befruktninga har funne stad.

§ 3 Tidspunkt for når vilkåra for medmorskap skal vere oppfylt

Ei kvinne som skal reknast som medmor etter barnelova § 3, skal vere gift med mora til barnet på tidspunktet fødselen skjer.

Ei kvinne som skal reknast som medmor etter barnelova § 4, skal vere sambuar med mora til barnet på tidspunktet den assisterte befruktninga skjer.

Ei kvinne som skal reknast som medmor skal ha gjeve skriftleg samtykke til assistert befruktning før behandlinga skjer. Folkeregistermyndigheita kan i særlege tilfelle godkjenne samtykkje gjeve etter behandlinga har funne stad.

§ 4 Prosedyre for fastsetjing av medmorskap

Folkeregistermyndigheita avgjer om vilkåra for medmorskap etter barnelova §§ 3 og 4 er oppfylt og gjer vedtak om fastsetjing av medmorskap etter søknad frå minst ein av partane. Myndigheita kan gjere vedtak før barnet er fødd.

Reglane i forskrifta gjeld og i tilfelle ein av partane ikkje ønskjer å medverke til at medmorskap vert fastsett.

§ 5 Krav til søknad

Søknad om å få fastsett medmorskap skal ein skrive på fastsett blankett og sende til folkeregistermyndigheita. Søkjar kan sende søknad så snart den assisterte befruktninga har funne stad.

Minst ein av partane skal underteikne på søknaden.

Vedlagt søknaden skal følgje

- 1) samtykke til assistert befruktning frå mors ektefelle eller sambuar
- 2) dokumentasjon frå godkjent helsestell i tråd med § 2. Dokumentasjonen skal stadfeste at assistert befruktning har funne stad
- 3) dokumentasjon som viser at barnet som er fødd etter assistert befruktning, ved fylte 18 år har rett til å få opplysningar om sædgivars identitet. Det må gå fram at det finst prosedyrar eller registre som gjer at denne retten kan oppfyllest.

§ 6 Klage

Partane kan klage på vedtaket til Skattedirektoratet etter føresegnene i forvaltningslova.

§ 7 Forholdet til andre forskrifter

Føresegnene i forskrift 25. oktober 1982 nr. 1524 om melding av fødsler, erkjennelse av farskap og melding om valg av navn gjeld så langt dei passar for vedgåing av medmorskap, jf. barnelova § 4.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2009.